



Stort hav krev gode råd

Det norske havterritoriet er sju gonger større enn landområda. Vi har dessutan ei av verdas lengste kyststriper og fjordar av mange slag. Havet betyr mykje for norsk økonomi. Difor er havforskinga og havforskarane sine råd viktige for det norske samfunnet.

Foto: Fiskeribladet Fiskaren

AV MARIE HAUGE OG GUNNAR SÆTRA

Havforskarane jobbar i alle dei norske havområda. Dei granskar alt liv frå mikroskopiske algar og små dyreplankton til dei største kvalane. I tillegg held forskarane nøye oversikt over dei fysiske forholda i havet (temperatur, saltmengde og straumar). Slik kan dei finna ut korleis klimaet og klimaendringane påverkar dyra som lever der. Forskarane undersøker også kva som skjer med dyrelivet i sjøen og på havbotnen i område med fiskeoppdrett, oljeverksemd og gruve drift.

VIKTIG KUNNSKAP

Nokre av verdas største fiskebestandar lever i våre havområde. I Norskehavet er det store mengder sild, makrell og kolmule, og i Barentshavet finn vi verdas største torskebestand og mykje hyse, lodde og sei. Havforskarane har eit spesielt ansvar for å kartleggje dei viktigaste fiskebestandane. Vi treng å vita kor mykje det finst av denne fisken før vi kan bestemma kor mykje vi kan fiska kvart år.


PÅ TOKT FOR Å FORSKA

Havforskningsinstituttet har ulike tokt til same tid kvart einaste år. Då måler toktdeltakarane fiskemengda på faste plassar og tek mange prøvar slik at dei kan rekna seg fram til kor mykje det finst totalt av dei ulike fiskeslag. Dei måler planktonmengda, studerer kva fisken har i magesekken og om han er i god form. Dei har dessutan til oppgåve å telja kor mykje sjøfugl og sjøpattedyr det er i desse områda. Det er viktig å vita sidan desse dyra også et fisk og plankton.

KVOTERÅD OG ENDELEG KVOTE

Når forskarane har funne ut kor mykje det er av dei ulike fiskebestandane, er det tid for å levere denne informasjonen vidare. Kvart år gjev forskarane råd til politikarane om kor stor fiskekvotane bør vere det komande året. Det er det nemleg opp til politikarane å avgjera. Veldig ofte blir kvoten slik forskarane har gjeve råd om, men det hender også at politikarane bestemmer seg for ein større eller mindre kvote. Noreg forvaltar mange fiskeslag saman med andre land, og desse kvotane blir fastsette av ulike internasjonale kommisjonar.





HAVFORSKNINGSINSTITUTTET
INSTITUTE OF MARINE RESEARCH

Slik blir fiskekvotane bestemt



Foto: Anette Aase, Fiskeridirektoratet

Dette hjulet viser alt arbeidet som må gjerast for politikarane kan bestemma akkurat kor mykje det er lov å fiska av dei ulike fiskeklaga. Dei norske forskarane samlar inn informasjon om fiskebestandane frå eigne tokt og frå dei største fiskebåtane (1). Dei samarbeider med forskarar frå andre land for å rekna ut storleiken på dei ulike bestandane (2). Når

forskarane er samde, gjev dei sine kvoteråd (3 og 4). Mange land "deler" på den same fiskebestanden, og då må dei bli einige om kor mykje fisk kvart land skal få (5). Politikarane bestemmer fiskekvotane og korleis fisket skal skje (6 og 7). Alt dette er klart i god tid før 1. januar slik at fiskarane veit akkurat kor mykje fisk dei kan fiska når det nye året byrjar (8).

HAVFORSKNINGSINSTITUTTET

Nordnesgaten 50
Postboks 1870 Nordnes
NO-5817 Bergen
Tlf.: 55 23 85 00
Faks: 55 23 85 31

www.imr.no

AVDELING TROMSØ

Sykehusveien 23
Postboks 6404
NO-9294 Tromsø
Tlf.: 55 23 85 00

FORSKINGSSTASJONEN FLØDEVIGEN

Nye Flødevigveien 20
NO-4817 His
Tlf.: 55 23 85 00

FORSKINGSSTASJONEN AUSTEVOLL

NO-5392 Storebø
Tlf.: 55 23 85 00

FORSKINGSSTASJONEN MATRE

NO-5984 Matredal
Tlf.: 55 23 85 00

FISKERIFAGLEG SENTER FOR UTVIKLINGSSAMARBEID

Tlf.: 55 23 86 90
Faks: 55 23 85 31

AVDELING FOR SAMFUNNSKONTAKT OG KOMMUNIKASJON

Tlf.: 55 23 85 38
Faks: 55 23 85 55
E-post: informasjonen@imr.no